

SAK 52/21 STØTTE TIL HANDVEKARAR SOM DELTEK I OPPLÆRINGSPROGRAM I TRADISJONSHANDVERK I REGI AV BUSKERUD BYGNINGSVERNSENTER

Saksopplysning:

Buskerud bygningsvernssenter er eit kurs- og kompetansesenter for tradisjonshandverk og praktisk bygningsvern og er ein del av den regionale kulturminneforvaltninga i Viken fylkeskommune.

Bygningsvernssenteret har kontakta regionrådet for Hallingdal med ein førespurnad om Regionrådet kan vera med på å gje støtte i form av lønnskompensasjon til handverkarar som fullfører ei kursrekke i tradisjonshandverk i Hallingdal, på same nivå som vart gjort i 2011.

Den gongen, i sak 67/11, vart det løyvd kr. 20.000 i lønnskompensasjon til dei som gjennomførte kurset, innanfor ei ramme på kr. 200.000. Føresetnaden var at kursdeltakarane forplikta seg til å yte fagleg bistand i Hallingdal, kostnadsfritt, innanfor ein timeressurs på 6 timar. Det var 6 deltakarar på kurset den gongen. Det er ikkje kjent om det vart ytt fagleg bistand i Hallingdal i etterkant.

No er det altså ny kursrekke. Det var søknadsfrist 20. mai og det er 12 handverkarar frå Hallingdal (10) og Nummedal (2) som førre veke starta opp med 180 timar undervisning og praktiske øving i tradisjonelle bygghandverk på Nesbyen.

Det ligger ingen forventning hjå deltakarane om å få noko anna enn påfyll av kunnskap, men bygningsvernssenteret skriv i sin førespurnad, at kvar deltakar på kursrekka investerer 80-90.000 ved å delta og det hadde vore fint å fått kompensert noko av dette

Førespurnaden vart lufta på Regionrådsmøte den 28. mai, og Regionrådet bad om at det vart laga ei sek på det.

Vurdering:

I Hallingdal er det om lag 150 museumsbygningar og svært mange verneverdige og freda bygningar oppført før år 1900. Det er derfor behov for handverkarar som har kunnskap om tradisjonell byggeskikk og byggeteknikk, og som har forståing og kunnskap om korleis desse bygningane, ein viktig del av vår kulturarv, kan setjast i stand og haldast ved like. utan å redusere bygningen sin verneverdi.

Tilbodet som Buskerud bygningsvernssenter tilbyr, er derfor svært positivt. Det er også eit godt tilbod til handverkarane, som får heile kursrekka på 180 timar utan kursavgift. Førre gong liknande sak var oppe i Regionrådet, i 2011, vart det drøfta om det er behov for slik kompetanse, om det er riktig å gje lønnskompensasjon og om det ev. skal krevjast ei form for gjenyting. Den gongen vart det slått fast at behovet er der, og det vart løyvd kr. 20 000 i kompensasjon pr. deltakar. Beløpet vart teke frå partnerskapsmidlane. I dag er truleg behovet like stort, men partnerskapsmidlane er borte.

Dette er eit viktig tiltak for å ta vare på kulturarven og såleis kunne ein argumentert med at det kan finansierast frå midlane knytt til strategisk plan. Dagleg leiar rår likevel til at dette tiltaket ikkje blir prioritert, då det er mange andre næringsretta og kulturelle tiltak som skal nyte godt av dei midlane me har til å gjennomføre Strategisk plan.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal synest det er positivt at Buskerud bygningsvernssenter startar opplæringsprogram i tradisjonshandverk i Hallingdal.
2. Ut frå ei samla vurdering kan ikkje Regionrådet for Hallingdal imøtekomma førespurnaden frå bygningsvernssenteret om støtte til lønnskompensasjon for deltakarane på kurs i tradisjonelle bygghandverk på Nesbyen.

Hallingdal, 15. august 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar